

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Julenissen

Bygdelag: Endal, Askeland, Davik

Oppskr. av: H. Aardalsbakke

Gard: Endal, Askeland og Davik

(adresse): Davik

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle ---

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. I omlag 30 år. I heimane og på juletreffestiar for skuleborn. Trur helst det fyrst var vorte kjent gjennom kort o.l.
2. På juletreffestane deler han ut :Epler, apelsiner, kjeks og andre gøtter, men i heimane har han med seg alle julegåvone som skal delast ut i heimen. Han får gjerne eit eple, apelsin eller ein pose med ymse julegøtter i for umaken.
3. Det er så ymist det. Helst vaksne born eller tenerar. På festane er det ein eller annan vaksen ungut ein får til det. Av og til kan det vera eit nissepar. Då er det ein gut og ei gjente. Oftast ser han gamal og skrusleg ut med stav i hand.
4. Maske med langt kvitt skjegg, raud toppahuve og store vottar, ofte ~~h~~ bøsokkar. Raud fodsid kufte er ikkje kjend her men ofte har han ein gamal frakk. Må helst sjå ut som han har ei lang og slitsam ferd bak seg.
5. Ja ein kjøper maske med skjegg, men elles finn ein fram gamle klær som kan høve.
6. Å gå julebukker er ukjent her.
7. Fell bort.

- 2
8. Nei eg trur ikkje den vanlege julenisse som no er så i vinden står i noko samband med den gamle nissen som fekk julegraut på låven.
9. Nei det er ikkje kjent her. Men nissen spør alltid etter om borna har vore snille ,før han deler ut julegåvone. Og då har sjølvsagt alle vore snille.

5683

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING